



Nr. 1 - 2015
5.01.2015

INFO FRÅ VIGRESTAD SKULEKORPS

GODT NYTT KORPS-ÅR !

Så er me i gang igjen med eit nytt semester i korpset. Håper at både musikantar og foreldre har hatt ein god juleferie, og fått kvilt godt ut etter ein travel desember månad☺

NYE ØVINGSTIDER

Frå og med veke 2, og til og med veke 6 vert det endra øvingstider i korpset. Dette er fordi Arfon er med i Stavanger Brass Band, og dei skal delta i NM i Bergen 8.februar. Fram mot NM øver dei derfor to gonger i veka, og for at han skal få med seg det, blir torsdagsøvinga flytta til tidligare på dagen.

ASPIRANTANE

Aspirantane øver frå 14.30-16.00. Dei har først gruppeøvingar frå kl 14.30-15.30, så fellesøving frå kl 15.30-16.00.

Det beste vil vera om aspirantane blir igjen og ventar etter at skulen er slutt. Dei må då ha med seg instumentet på skulen når dei kjem om morgonen, og kanskje ha ei frukt eller litt ekstra mat på lur. Det vil vera ein vaksen frå korpset tilstades fram til Arfon er på plass.

JUNIORANE

Juniorane har fellesøving frå kl 16.00-16.45.

HOVEDKORPSET

Hovedkorpset øver frå kl 17.00-18.45.

Etter desse vekene vil øvingstidene bli vurdert på nytt. Då blir det kanskje aktuelt å fortsetja med dei nye tidene, eller å gå tilbake til slik det var før nyttår.

